



Saksprotokoll

Organ: **Fylkestinget**

Møtedato: 19.04.2016

Sak nr.: 16/1914-16
Internt I.nr. 13682/16

Sak: 6/16

Tittel: **Landbruk i Verdiskapingsplanen**

Behandling:

Frå fylkesutvalet låg det føre slik tilråding til vedtak:

1. Landbruksatsinga i Regional Plan for verdiskaping 2016-25 vert godkjent slik ho ligg føre.
2. Fylkesmannen si landbruksavdeling har ansvaret for oppfølging av satsinga på landbruk.

Endringsframlegg:

Kristeleg Folkeparti sette fram slikt framlegg til vedtak:

Tillegg i kap. 3.1: Administrasjonen får i oppdrag å føre inn eit avsnitt om Vestlandsforskning.

Venstre sette fram slikt framlegg til vedtak:

Ekstra avsnitt til kapittel 3:

Sogn jord- og hagebruksskule er eit unikt nasjonalt kompetansemiljø på økologisk landbruk. Skulen driv også eit omfattande utviklingsarbeid. Det er viktig å løfte fram potensialet Sogn Jord- og hagebruksskule har for å utvikle landbruksnæringa også i Sogn og Fjordane, både innanfor økologisk og konvensjonelt landbruk.

Miljøpartiet Dei Grøne sette fram slikt framlegg til vedtak:

Det leggast til eit eige kapittel i dokumentet om korleis landbruket i Sogn og Fjordane kan bidra til å løyse vår felles klimautfordring.

Avrøyting:

Framlegga frå Kristeleg Folkeparti og Venstre vart samrøystes vedtekne.

Framlegget frå Miljøpartiet Dei Grøne fekk 1 røyst og framlegget fall.

Tilrådinga frå fylkesutvalet med vedtekne endringar som vist ovanfor, vart samrøystes vedteken.

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

1. Landbruksatsinga i Regional Plan for verdiskaping 2016-25 vert godkjend med slike tillegg:
 - Tillegg i kap 3.1: Administrasjonen får i oppdrag å føre inn eit avsnitt om Vestlandsforskning.
 - Ekstra avsnitt til kapittel 3:
Sogn Jord- og hagebruksskule er eit unikt nasjonalt kompetansemiljø på økologisk landbruk. Skulen driv også eit omfattande utviklingsarbeid. Det er viktig å løfte

fram potensialet Sogn Jord- og hagebrukskule har for å utvikle landbruksnæringa også i Sogn og Fjordane, både innanfor økologisk og konvensjonelt landbruk.

2. Fylkesmannen si landbruksavdeling har ansvaret for oppfølging av satsinga på landbruk